

# **FAGBIBLIOTEKARFORENINGEN**

**1920 - 1990**

**Oslo 1990**

Den korte historiske fremstillingen er utarbeidet  
til FBFs årsmøte 15.februar 1990 av  
bibliotekar Randi Hallveg.

NORSKE STATSBIBLIOTEKARERS FORENING - STATSBIBLIOTEKARGRUPPEN -  
FAGBIBLIOTEKARFORENINGEN : HISTORIKK 1920 - 1990.

Norske Statsbibliotekarers Forening vart stifta den 17. september 1920, etter initiativ frå Bibliotekar Wilhelm Munthe. Munthe var dengong bibliotekarane sin representant i Vitenskapelige Tjenestemenns Landsforening.

14 personar var til stades på det konstituerande møtet i Universitetsbibliotekets musiksøl. I referatet frå møtet heiter det mellom anna:

"Det er en gammel regel at de små etater som oftest er de slettest lønnede, men aller dårligst vil de små etater være stillet som ikke har nogen organisation. Likefrem nødvendig blir dette efter det nye regulativ som jo er blit til efter forhandlinger mellem staten og funksjonærenes lønnsorganisationer, dette betegner et nytt prinsipp som tjenestemennene må rette sig efter."

Dette var ei utviding av bibliotekargruppa i Vitenskapelige Tjenestemenns Landsforening. Formålet var å samle alle bibliotekarar i statens - eller likestilte - bibliotek, og foreningen skulle vareta medlemmene sine faglege, økonomiske og kollegiale interesser. Ein skulle særleg legge vekt på å arbeide for meir tilfredsstillande og einsarta løningar.

Norske Statsbibliotekarers Forening var som sjølvstendig gruppe tilslutta Vitenskapelige Tjenestemenns Landsforening (V.T.L.). Initiativtakaren, Wilhelm Munthe, vart vald til foreningen sin første formann. Styret hadde totalt 3 medlemmer. Oppslutninga om foreningen var svært god alt frå byrjinga, praktisk talt alle som hadde rett til å vere med i foreningen stod som medlemmer.

Ein mangla eit einsarta regulativ for bibliotekarar, og styret sette difor opp visse minimumskrav. Desse krava låg nær opp til gjeldande satsar ved sentraladministrasjonen, der dei fleste medlemmene var tilsette.

I 1936 vart Norske Statsbibliotekarers Forening også oppteken som medlem i Embedsmennenes Fellesutvalg

Okkupasjonstida 1940 - 1945 var ein vanskeleg periode også for foreningane. I juni 1941 mottok foreningen eit brev frå ein dåverande innanriksråd. I dette brevet heitte det at det lovleg valde styret i Embedsmennenes Landsforening var avsett, og at han sjølv var oppnemnd av departementet som "kommissær" for landsforeningen.

I den tida denne "kommissæren" var offisiell leiar for Embedsmennenes Landsforening, frå juni 1941 til mai 1945, heiter det i ei seinare årsmelding frå NSF for denne perioden at det var "ingen beslutning fattet og intet initiativ tatt" av deira styre.

Dei aller fleste medlemmene melde seg ut av NSF i juli og august 1941, og foreningen var då i praksis oppløyst. Det sitjande styret måtte likevel halde fram i namnet, då kommissæren la ned forbod mot at det trekte seg tilbake.

Etter frigjeringa i 1945 vart det sendt ut oppmoding om å melde seg inn i Norske Statsbibliotekarers Forening igjen, og i september 1945 kom innmeldingane.

Medlemmene blir i 1948 informerte om eit vedtak på siste årsmøte i Norsk Bibliotekforening. Der vart Norske Forskningsbibliotekarers Forening stifta som sjølvstendig forening, samarbeidande med Norsk Bibliotekforening. På dette årsmøtet vart det og uttrykt eit ynskje om ei samanslutning av denne nye foreningen og NSF, då eit stort fleirtal stod som medlemmer i begge foreningane.

Dette førte til at NSF i 1948 gjekk saman med NFF og danna Norske Forskningsbibliotekarers Forening. Første formann i den nye foreningen var Thor M. Andersen.

I vedtektene heitte det at foreningen var ei samanslutning av det faglærte, fast tilsette personalet ved vitskaplege og faglege bibliotek. Formålet var framleis å vareta medlemmene sine faglege og økonomiske fellesinteresser.

I mars 1948 vart det og nedsett to tremannsutval som skulle arbeide med lønssaker. Det eine var eit tremannsutval for statsbibliotekarar, som held fram arbeidet med å få gjennomført dei krava NSF hadde fremma i lønsforhandlingar med staten. Dette utvalet skulle representere statstenestemennene i deira lønsforhandlingar og andre forhandlingar med staten.

Det andre lønsutvalet skulle representere bibliotekarane ved halvoffentlege og private institusjonar. Dette utvalet eksisterte fram til slutten av 1960 - åra, utan å foreta seg noko eller ha saker til behandling. Det heitte likevel at dei av medlemmene som ikkje var statstilsette, fekk sine interesser varetatt av tremannsutvalet, utpeika av styret.

I dei næraste åra klarte lønsutvalet for dei statstilsette å få enkelte stillingar oppjustert, andre ikkje. Konklusjonen var den same den gong som i dag, og som det er uttrykt i eit referat frå 1949:

"Med hensyn til resultatene vil enkelte av våre medlemmer ha grunn til å være fornøyd, mens andre desverre må skuffes i denne omgang."

Eit nytt statleg lønsregulativ kom i 1948, og i den samanheng fekk ein ein del opprykk.

På grunn av revisjon av lov om forhandlingsrett for stats-tjenestemenn i 1954, ville ikkje eit lønsutval oppnemnd av styret tilfredsstille krava til den nye lova. Av denne grunn vart det innanfor Norske Forskningsbibliotekarers Forening danna ei eiga Statsbibliotekargruppe. Det fulle namnet på denne lønsorganisasjonen var Norske Forskningsbibliotekarers Forening, Statsbibliotekargruppen. Styret i Statsbibliotekargruppen fekk då frå 1955 det fulle ansvaret for forhandlingar med staten om løns- og arbeidsvilkår. Rolf Haffner var den første formannen i Statsbibliotekargruppen.

Medlemstalet for Statsbibliotekargruppen var i 1960 komme opp i 80 personar.

Styret i Statsbibliotekargruppen vart i 1964 utvida frå 3 til 5 medlemmer.

Medlemstalet var stadig stigande, og var pr. 31.12.1969 komme opp i 120.

Statsbibliotekargruppen vende seg i 1969 til Kirke- og undervisningsdepartementet og ba om at det måtte bli oppretta eit normeringsutval for bibliotekarar. Dette vart støtta av Emdedsmennenes Landsforening, men viste seg vera vanskeleg å få til.

Forholdet mellom Norske Fagbibliotekarers Forening og Statsbibliotekargruppen vart teke opp til debatt i 1973. Det var mange årsaker til at denne debatten kom opp. Mange meinte at det rett og slett var udemokratisk å kreve medlemskap i ei bestemt forening, altså NFF, for å godta nokon som medlem i Statsbibliotekargruppen. Det var og praktiske problem med denne tilknytninga, og rom for misforståing på grunn av namnet. NFF stod heller ikkje ansvarleg for Statsbibliotekargruppen sine standpunkt.

Statsbibliotekargruppen sitt hovudsarbeidsområde hadde vore heving av begynnarløna, større avansementsmogelegheiter, og arbeid for automatisk opprykk ved godkjend vidareutdanning, til dømes universitetseksamenar. I tillegg til reine lønsspørsmål, hadde foreningen også arbeidd for ein lovbeskyttelse av bibliotekartittelen. I samband med arbeidet i Statens lønskomite var foreningen rådspurd.

Mot slutten av 1973 hadde Statsbibliotekargruppen nærare 200 medlemmer.

På bakgrunn av den debatten som vart reist i 1973, vart det nedsett eit utval som skulle vurdere forholdet mellom NFF og Statsbibliotekargruppen.

Dette utvalet la fram si innstilling våren 1974. Det konkluderte med at ein burde vente med ei endeleg avgjerd i dette spørsmålet til ein visste meir om NFF sitt forhold til Norsk Bibliotekforening.

Ein ville og gjerne vite meir om Embetsmennesenes Landsforening og Akademikersambandet si foreståande samanslutning i Akademikernes Fellesorganisasjon (AF). Utvalet kom dessutan med framlegg om ei namneendring, for å skilje klart mellom NFF og Statsbibliotekargruppen.

Akademikernes Fellessorganisasjon (AF) vart stifta 1975. Dette var ei samanslutning av tidlegare Akademikersambandet, som var utdanningsorientert, og Embetsmennesenes Landsforening, som var etatsbasert.

Frå AF si side var det ikkje noko i vegeu for at Statsbibliotekargruppen kunne stå som ein heilt sjølvstendig organisasjon.

Bergensavdelinga la i 1975 fram forslag til vedtektsendringar, og 10. mai opphøyrer tilknytinga til NFF. Statsbibliotekargruppen blir då ein eigen organisasjon, tilslutta Akademikernes Fellesorganisasjon.

Dette var eit resultat av ei erkjenning av at ein måtte skilje mellom ein fagorganisasjon og ein fagleg organisasjon. I formålsparagrafen til den faglege organisasjonen heitte det dessutan at reine lønsspørsmål overlet ein til eigne lønsorganisasjonar, og i fagorganisasjonssamanheng opptredde Statsbibliotekargruppen heilt sjølvstendig. Det verka då ulogisk å framstå som underavdeling av ein fagleg organisasjon.

Medlemstalet mot slutten av 1976 var på omlag 250.

Det er mogeleg å opprette lokalavdelingar med eige styre innanfor Statsbibliotekargruppen. Slike lokalavdelingar vart oppretta i Bergen i 1971, og i Trondheim og ved Universitetsbiblioteket i Oslo i 1973. Ein har dei same lokalavdelingane i dag, og det er ikkje oppretta nye. Medlemmene i andre delar av landet høyrer direkte inn under hovudstyret.

På grunnlag av vedtak i styremøte i november 1976, retta Statsbibliotekargruppen ein førespurnad til Norsk Forskerforbund om medlemskap eller ein samarbeidsavtale med dei. Dette resulterte i at ein inngikk ein samarbeidsavtale med med Norsk Forskerforbund i 1977.

Ein viktig årsak til å inngå denne samarbeidsavtalen, var at Statsbibliotekargruppen hadde mange av sine medlemmer på dei same arbeidsstadane som Forskerforbundet.

Samarbeidsavtalen innebar at Forskerforbundet hadde ansvar for å føre forhandlingar/drøftingar om løns- og arbeidsvilkår for Statsbibliotekargruppen. Avtalen innebar særleg eit samarbeid i normeringsforhandlingane.

Statsbibliotekargruppen byrja i 1982 eit arbeid med strukturendring av foreningen, med sikte på å organisere andre grupper.

Ein hadde særleg mista medlemmer når desse gjekk over til det private næringsliv.

Ei vedtektsendring frå 1987 seier at også bibliotekarar tilsette i private fag- og forskningsbibliotek kan vere medlemmer i Statsbibliotekargruppen.

Det same årsmøtet vedtok også ei utviding av hovudstyret til 7 styremedlemmer ved sidan av leiaren. 3 av styremedlemmene skal komme frå lokalavdelingane.

Statsbibliotekargruppen sitt prinsipp-program vart vedteke på årsmøtet i 1987.

Arbeidet med ny lønsplan for bibliotekarar starta i 1987, og dette arbeidet held foreningen fram med i 1988. Men på grunn av lønslov både i 1988 og 1989 har ingenting skjedd som har ført til bedra lønsforhold for bibliotekarar.

Foreningen sitt framlegg til ny lønsplan for bibliotekarar er send til Norsk Forskerforbund, som har sendt det til AF.

Statens lønnskomite held i skrivande stund på med å gjennomgå lønssystemet i staten, og vidare framdrift i lønsarbeidet er i stor grad avhengig av kva lønnskomitéen kjem fram til.



Samarbeidsavtalen med Norsk Forskerforbund vart avløyst av fullt medlemskap 1. januar 1989, samstundes med at foreningen sa opp sitt medlemskap som primærforening i Akademikernes Fellesorganisasjon.

Statsbibliotekargruppen var ein liten forening innanfor AF, noko som gjorde det vanskeleg å få gjennomslag for sine interesser. Samarbeidsavtalen med Forskerforbundet hadde gitt foreningen ei stilling som nærma seg fullt medlemskap, og som fullt medlem skal Forskerforbundet vareta bibliotekarane sine interesser i større grad.

Norsk Forskerforbund er fagforening for vitenskapleg og administrativt tilsette i forskning og høgare utdanning.

Frå 1. januar 1989 endra Statsbibliotekargruppen namn til Fagbibliotekarforeningen. Det gamle namnet hadde etterkvart blitt misvisande, då medlemsmassen ikkje lenger utelukkande hørde heime i statlege eller statsstøtta institusjonar. Medlemstalet var ved utgangen av 1989 på omlag 370, noko som gjorde SBG til meir enn ei gruppe. Foreningen hadde fått fleire medlemmer frå ikkje-statlege bibliotek, og for første gong også fått studentmedlemmer.


Det er laga ein eigen plan for framtidig rekruttering til Fagbibliotekarforeningen.

Fagbibliotekarforeningen er ein forening i vekst, med store oppgåver framfor seg. Den viktigaste oppgåva vil framleis vere å oppnå ei bedring av lønsvilkåra til bibliotekarane. I dei snart 70 åra som har gått sidan forgjengaren til Fagbibliotekarforeningen vart stifta, har det vist seg stadig like nødvendig å arbeide for dette. Ein har oppnådd ein del, men mykje står også igjen.

KRONOLOGISK OVERSIKT OVER FORMENN OG LÆRERE

1920/1925	Wilhelm Munthe
1925/1926	Leiv Amundsen
1926/1928	Jonas Hauer
1928/1929	A. W. Wiesener
1929	Leiv Amundsen
1929/1945	Haakon Fiskaa
1945/1950	Thor M. Andersen
1951/1952	Elisabeth Mellbye
1952/1953	Arne Gallis
1954/1955	Torborg Collin
1955/1963	Rolf Haffner
1964	Olaf Chr. Torp
1965/1966	Kjell Seippel
1967/1969	Jon Hjeltnes
1969/1972	Kjell Frank
1972/1973	Brit Heyerdahl
1973/1975	Randi Tobiassen
1975/1977	Anne Årdal
1977/1978	Inger Hougaard
1978/1981	Björg Todsén
1981/1986	Jorunn Birkelund
1986/1988	Liv Rustviken
1988/1990	Astri Ottesen

Januar 1990  
Randi Halveg



**FAG-  
BIBLIOTEKAR-  
FORENINGEN**

**ISBN 82-992070-0-2**

**Fagbibliotekarforeningen  
Postboks 56 Blindern  
0313 OSLO 3**